



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	15.12.2015	83346/2015/S11	Anders Røystrand, tlf. 71 25 82 90	29.01.2016

Ørskog kommune - Vaksvik og Kverve kraftverk - fråsegn ved høyring av planendring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Planendringa omfattar samanslåing av Vaksvik kraftverk og Kverve kraftverk, med utnytting av fall i Vaksvikelva frå kote 200 til kote 10. Dette omfattar same totalstrekning av elva som er omfatta av konsesjon for Vaksvik og Kverve kraftverk kvar for seg, gitt i april 2015. Dette gjer at inngrep med kraftstasjon og inntak nord for Hjellereiten fell bort. Samstundes blir trase for nedgravd rørgate endra for ei strekning frå aust for Gjerdet og ned forbi Hjellereiten, inkludert kryssing av elva. I tillegg blir slukeevna endra frå 4,6 til 5,2 m³/s.

Årsmiddelproduksjon er utrekna til 21,1 GWh samanlikna med totalt 19,7 GWh for Vaksvik og Kverve kraftverk separat. Utbyggingsprisen går dermed ned frå 4,25 kr/kWh i gjennomsnitt til 3,9 kr/kWh for samanslått kraftverk. Planendringa gir dermed noko høgare samfunnsøkonomisk nytte, føreset at den ikkje medfører vesentlege negative endringar for andre forhold.

Vassforvaltning

Vi viser til vår fråsegn 7.7.2014 til småkraftverkpakken i Ørskog og Sykkylven, der vi peika på fylkeskommunen sine mål for kraftproduksjon, naturressursforvaltning generelt og vassforvaltning spesielt. I ettertid er *Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal 2016-2021* vedteken, der det blir vist til kriterium for nye inngrep, jf. vassforskrifta § 12. Vi føreset at NVE vurderer søknaden om konsesjon etter desse kriteria.

Automatisk freda kulturminne

Både Vaksvik og Kverve kraftverk har tidlegare vorte vurdert m.o.t. automatisk freda kulturminne. Desse to kraftverka søkast det no om å få slått saman. Når det gjeld omsyn til automatisk freda kulturminne er forholdet som før: Det er ikkje kjent freda kulturminne innanfor tiltaksområdet, men vi har merknader m.o.t. potensialet for funn av hittil ukjende kulturminne, som får betydning for detaljplanlegging og utbygging:

I austre trase for tidlegare søknad for Kverve kraftverk minner vi om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd: «*Dersom ein under utbygging kjem over noko som*

kan vere automatsik freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen.»

For vestre trase, tidlegare Vaksvik kraftverk stiller vi **registreringskrav** etter kulturminnelova § 9, for delar av området; i hovudsak i områda merka med rørdeponi og tilkomstveg i oversendt kart datert, 15.12.2015. I tillegg er dei delane av rørgata som går i dyrkamark aktuelle for registrering. Det kan og verte høve for å sjå nærare på heile det vestlegaste området innanfor anleggsgrensa. Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekke kostnadane til den arkeologiske registreringa, jf. § 10 i kulturminnelova.

Tidsbruken for den arkeologiske registreringa er rekna til *inntil* 5 vekeverk, og i tillegg kjem *inntil* 2,5 vekeverk med for- og etterarbeid. Det kan i samband med registreringa verte aktuelt å datere eventuelle funn, særleg der ein er i tvil om alder og vernestatus. Det vert derfor budsjettert *inntil* 3 14C-analyser. Vi ber om at tiltakshavar tek kontakt med kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune for nærare avtale og bestilling av den arkeologiske registreringa. Det er truleg tenleg at dette blir gjort i samband med utarbeiding av detaljplan.

Kulturminne frå nyare tid

Planendringa gjer at utbygginga ikkje påverkar steinkvelvingsbrua «Gamlebrua» med kraftstasjon og nytt inntak i nærleiken. Dette er såleis positivt for kulturminnet. Det er også positivt at ny røyrgatetrasé skjermar gardsbruket Gjerdet med SEFRAK-registrerte bygningar. Vi viser elles til tidlegare merknad om mogleg verneverdige kvernhus på motsett side av elva i forhold til planlagd kraftstasjon. Detaljplanlegging bør om nødvendig ta omsyn til desse kulturminna.

Friluftsliv

Vi kan ikkje sjå at planendringa påverkar friluftslivinteresser vesentleg. Bortfall av eit inntak og ein kraftstasjon gir mindre inngrep og påverknad av naturoppleving langs elvestrengen. Vi føreset at det blir stilt nødvendige krav til kryssing av elva med røyrgatetrasé, slik at påverknaden på opplevinga av elva også her blir minimal på noko sikt.

Konklusjon

Etter fylkeskommunen si vurdering har planendringa for det meste positive verknader, samanlikna med utbygging av to separate kraftverk. Det er berekna høgare kraftproduksjon av eitt samla kraftverk, til lågare utbyggings-kostnad, samstundes som endra røyrgatetrasé og bortfall av eit inntak og ein kraftstasjon slår positivt ut for kulturminne og kulturmiljø i området. Vi kan ikkje sjå at endringa har større betyding for friluftsliv-utøving.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
ass. fylkesplansjef

Anders Røystrand
rådgivar

Fagsaksbehandlar

Vassforvaltning: rådgivar Håkon Slutaas, tlf. 71 25 80 24

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kulturminne frå nyare tid: rådgivar Siv Aksdal, tlf. 71 25 88 47

Kopi:

Ørskog kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal